



# Ostereidet idrettsbane 50 år 1975-2025



## Soga om grusbana på Ostereidet

Tekst og foto: Stanley Hauge



## Jubileumshefte om grusbana på Ostereidet.

Opna august 1975.

Tekst og foto: Stanley Hauge

Fotballstistikkane er utarbeidde av Bjørn Dyrkolbotn.

Rekordoversikter er utarbeidde av Arvid Hauge.

Publisert som pdf-fil på nettsidene til Eikanger IL 1. august 2025.

# 50-årsjubileum for grusbana

I august 2025 er det 50 år sidan grusbana på Ostereidet var klar til bruk. 8. august 1975 vart det første friidrettsstemnet arrangert der då Eikanger IL møtte Breim IL til lagkamp. Første fotballkampane vart også spelte hausten 1975 då eit smågutelag møtte og slo IL Alvidra. Frå 1976 stilte Eikanger IL på ny seniorlag i fotball med den nye grusbana som heimebane.



*KVALIFISERT TIL MONTREAL-OL: Med dette hoppet over 2,19 på Ostereidet i 1976 greidde Terje Totland å overtyda uttakskomiteen til OL om at han var kvalifisert til leikane i Canada. (Foto: Leiv Eidsnes.)*

Då Terje Totland den flotte sommarkvelden 10. juli 1976 svinga seg over 2,19 i høgde på nyinnkjøpte tillaupsmatter på den eitt år gamle bana på Ostereidet, var det høgdepunktet i Eikanger IL si knapt 25 år gamle soge. Og er det framleis. Totland vart etter stemnet utteken til OL i Montreal der han vart nummer ni.

Banerekorden sette han i eit stemne hausten 1978 med 2,20, og med det kvalifiserte han seg også til deltaking i EM i Praha.



*JUBILEUMSSTEMNE MED KRINSMEISTERSKAP PÅ 10 000M: Gunnar Hauge vann KM på heimebane. Her leiar han føre Tor Vevle og Svein Kloster.*

5. juni 1977 vart det arrangert jubileumsstemne i friidrett på Ostereidet for å markera at Eikanger IL var 25 år. I ettertid står dette som det friidrettsstemnet som har samla størst publikum på Ostereidet nokon gong.

«Dessverre hadde vergudane fått stemnet heilt i vrangstrupen, så regnet hølja ned. I alt var det heilt sikkert meir enn 500 tilskodarar til stades. Og så mange har det knapt vore på noko anna reint friidrettsstemne i Hordaland i år,» heiter det i klubbavisen «Eikern» frå hausten 1977.


Når interessa var så stor, skuldast det truleg at bana på Ostereidet var ny, Terje Totland var på internasjonalt nivå, og laget hadde mange som hevda seg godt både i krinsen og på landsplan.

Innlagt i dette stemnet var krinsmeisterskap på 10 000m for menn senior. Heimefavoritten Gunnar Hauge vann på 31.29,8. Trass dei vanskelege tilhøva vart det oppnådde fleire gode resultat ved stemnet. Terje Totland 2,10 i høgde, Frode Fyllingsnes 13,86 i tresteg, Hermann Døskeland 11,3 på 100m.

Eikanger-Bjørsvik musikklag var med og underholdt før stemnet.

I dei 50 åra som er gått sidan bana vart teken i bruk, er det arrangert fleire hundre friidrettsstemner til saman, både lagkampar, klubbmeisterskap og svært mange seriestemner. Dessverre har aktiviteten minka dei siste 10-15 åra, men framleis vert bana brukt både til trening og stemner gjennom vår, sommar og haust.

*Foto på neste side:  
JUBILEUMSSTEMNE 1977, TRESTEGHOPP:  
Frode Fyllingsnes hoppa nesten 14 meter  
under dei våte forholda ved jubileumsstemnet.*





200M JENTER: Frå venstre: Randi Heggertviet, Mette Britt Eide og Vivian Stusdal.



Brynjar Nordanger og Terje Austrheim.



Sissel Bjørge.

## Skulestemner i 45 år



Tett oppgjør på 60m mellom Preben Eide og Jonas Øvretveit i 9. klasse. Begge fekk tida 7,9. Frå stemnet i 2025.

Ungdomsskulen på Ostereidet byrja i 1981 å arrangera stemner for dei tre øvste klassane i barneskulen ein dag, og for ungdomsskulen ein dag. Skulestemnene i friidrett har vorte ein årleg tradisjon og har vore arrangerte kvart einaste år sidan starten i 1981.

Det vil seia at så godt som alle som har vore elevar i Ostereidet ungdomsskulekrins og Leiknes barneskulekrins i dei siste 44 åra har notert friidrettsresultat. Også i jubileumsåret for bana no i 2025 vart desse stemnene arrangerte rett før sommarferien.



Frå 2024. Eitt av hita på 60m for jenter i 9. klasse.

# Skuleplassen på Ostereidet



Før grusbana vart bygd, var det ved skulen på Ostereidet ein grovplanert leikeplass på 80 x 44 m. På eit område på 60 x 44 m av leikeplassen var det lagt på sjøsand utan bindemiddel. Frå slutten av 1960-åra vart dette hovudbana til Eikanger IL. Heller ikkje denne plassen heldt mål til sprintbane, laust og ujamnt som dekket var. Til 60m og 100m vart såleis landevegen framfor skulen nytta.

Rundt leikeplassen, med forlenging ut over det grusa området, vart det laga til ei rundlaupsbane på vel 180m. Her vart det i mangel av betre alternativ sprunge 800m og andre mellomdistansar.



Øvst: Rundløpsbana før 1975.

Over: Leif Veland (11,3) og Odd Molvik (11,7) sprang 100m på vegen framfor skulen.

Til høgre: Bjarte Stusdal hoppar tresteg.

# Arbeid for bane på Ostereidet

Midt på 1960-talet tok idrettslaget opp ynskje om å få bygd ut leikeplassen på Ostereidet til idrettsbane. I 1968 var det synfaring med m.a. representantar frå Lindås kommune. Kommuneingeniørkontoret vart pålagt å planleggja arbeidet med ei treningsbane på 50m x 100m.

Etter oppmoding frå Eikanger IL vedtok kommunestyret i 1969 å oppheva det gamle vedtaket frå Hamre kommune om å byggja idrettsbane vest for Liavatnet på Eikanger. I staden vedtok kommunestyret at treningsbane skulle byggjast på Ostereidet. Den 26. september 1969 godkjende eit samrøystes kommunestyre plan for ei treningsbane på 60m x 105m + 10m x 15m. Kostnadsoverslaget var på 144 000 kr og det vart søkt om tippemidlar til bana.

Svaret frå STUI (Statens ungdoms- og idrettsutval) var at Lindås ikkje fekk midlar til fleire anlegg før bana på Seim, som det var løyvd tippemidlar til, vart gjort ferdig.

Hausten 1970 kom planane om treningsbane på Ostereidet på ny opp i formannskap og kommunestyre. No melde også idrettsplassnemnda i Alversund seg på med planar om bane. Dette førte til at kommunestyret ikkje ville ta stode til søknadene frå Ostereidet og Alversund før det låg føre ei vurdering for heile kommunen. Ungdoms- og idrettsutvalet og

Ole Seim (Ap) frå formannskapet fekk i oppdrag å koma med eit slik vurdering til formannskapet.

Nemnda si prioritering vart: 1. Treningsbane på Ostereidet. 2-3. Sentralidrettsanlegg i Knarvik og på Lindås. 4. Andre anlegg i kommunen.

Kring 1970 var det også trong for å utvida og fornya skuleanlegga på Ostereidet. Desse planane måtte sjåast i samanheng med planane om treningsbana, då dei delvis kunne koma i konflikt med kvarandre.

23. oktober 1970 var det eit fellesmøte mellom skuleadministrasjonen, Eikanger IL og idrettsutvalet i kommunen. I ei felles fråsegn frå møtet heiter det 1) at ein i prinsippet vil ha ei bane på 60 x 105 m, men at ei bane på 50 x 105 m er tenleg for skulen og idrettsføremål. Det var også semje om at 2) kommunen måtte kjøpa grunn og 3) at vegen rundt leikeplassen, mellom ungdomsskulen og barneskulen, måtte gjerast ferdig.

21. desember 1972 vedtok kommunestyret å halda på vedtaket om at bana skulle vera 50 x 105 m + 6 x 15 m. Spørsmåla om kjøp av grunn og vegen rundt leikeplassen vart utsette. Men samstundes vedtok kommunestyret eit eige punkt om å skunda på saka.

Spørsmålet om storleiken på bana og plasseringa i høve til eksisterande og planlagde skulebygningar var viktig. Lindås skulestyre rådde 21. mars 1973



Planeringa av idrettsbana på Ostereidet under arbeid. Vegen opp til barneskulen er på plass.

til at kommunestyret skulle godkjenna planane med den storleik som er nemnt ovanfor, eventuelt kunne laupebana flyttast vestover mot staden der idrettsbygget no ligg.

For Eikanger IL som hadde friidrett som hovudidrett på denne tida, var det svært viktig å få rundlaupsbane. For å få det til måtte baneflata helst vera minst 60 m brei.

19. februar 1974 vedtok kommunestyret å byggja idrettsbana med måla 60 x 105 m + 6 x 15 m. Men vedtaket vart ikkje gjort utan kamp og kostnad for idrettslaget, heiter det i klubbavisa «Eikern» sitt vårnummer 1974.

Vidare i «Eikern» heiter det: «For i det heile å ha ein liten sjanse til å tøy opp det «hardbarka» kommunestyret, måtte idrettslaget ta på seg å byggja ferdig vegen autom idrettsbana frå ungdomsskulen og opp til barneskulen. Dette er kanskje ei større oppgåve enn laget maktar. Men idrettslaget såg diverre ikkje annan utveg for å få bana 60 m brei.»

Idrettslaget tok snart fatt på arbeidet med vegen, og fekk det unna slik avtalen med kommunen var.

For friidrettslaget som Eikanger IL var på denne tida, var det viktig å få ei bane der ein i tillegg til sprint, hopp og kast også kunne springa lengre distansar. Med vedtaket om 60m breidde på bana, kun-

ne ein få til ei rundlaupsbane – men den ville ikkje verta stort meir enn 250 m lang.

Hausten 1974 og vinteren 1974/75 vart det arbeidd intenst for å få bygd bana på 60 x 120 m med rundlaupsbane med raudstubb. Etter at idrettslaget vedtok å yta 10 000 kr til dette, vedtok kommunestyret denne løysinga. Både byggjenemnda og kommunestyremedlemene frå området til Eikanger IL gjekk inn for dette. Og slik vart det. Då bana stod ferdig, var det med ei rundlaupsbane på 293,3 m.

### 1975 eit merkeår

6. august sommaren 1975 kunne Eikanger IL for første gong utkjempa ein lagkamp i friidrett på eiga bane. Motstandar var Breim IL frå Nordfjord. Ramma rundt stemnet kunne ikkje vore betre, men solskin, varme og gode baneforhold. Leif Veland slo til med ein sterk serie: 100m – 11,2, lengde – 6,66, tresteg – 14,58.

Resten av sesongen vart det skipa til ei rekkje friidrettsstemner på bana med god deltaking og gode resultat. Hausten 1975 vart det også spelt fotballkampar på den nye bana. Eit smågutelag spelte privatkamp mot IL Alvidra, og Eikanger vann så klart som 5 – 2. Så 1975 står utan tvil som eit merkeår i saga til Eikanger IL.



Samstundes med at bana vart bygd, vart også idrettsbygget med gymnastikksal og symjebasseng ført opp. Også desse vart tekne i bruk i 1975. Gymnas-

tikksalen på vel 200 kvm. gav betre tilhøve for innetreninga, særleg for volleyballen, og symjebassenget på 12,5 m med eit nytt kjærkome tilbod for mange.



Over: Rune Marthinussen og Svein Nesbø (bak) merkjer opp til første fotballkamp på en nye bana.

Førre side: Den nye bana med rundløpsbane på vel 293 m er nesten ferdig sommaren 1975. Det nye idrettsbygget som også stod ferdig i 1975 ligg nordvest for idrettsbana.

Uner: Mellomdistanseløpararar i fint driv. Fremst Ole Johan Eidsnes, deretter Arvid Hauge, Narve (t.v.) og Brynjar Nordanger og til slutt Inge Nævdal.



# Fotballen fekk endeleg heimebane


Grusbana var heimebana til Eikanger IL sine fotballag fram til kunstgrasbana vart opna 19. mai 2001. Etter ein pause på tre år stilte idrettslaget i 1976 med seniorlag i serien att, i 6. divisjon. Laget fekk mange bra sesongar med gode plasseringar heilt i toppen av 6. divisjon i løpet av åra 1976-2001. Dette førte til

opprykk fire gonger, slik som i sesongane 1988 (2. plass i serien), 1992 (2. plass), 1996 (1. plass, vann si avdeling i serien med 13 poeng) og i 2001 (1. plass i si avd.) og vart krinsmeister i 6. divisjon.

Gutelag har delteke i seriane i alle åra etter at grusbana vart teken i bruk og hevda seg godt i krinsseriane og cupar i mane sesongar. I 1982 stilte Eikanger I. L. med jentelag for første gong i serien. Dei hevda seg jamt over bra både i serien og i cupar.

*Til venstre: Per Arne Dalland ragar høgast. Rune Hølleland til høgre bak.*

*Under: Knut Larsen fyrer av i eit Eikanger-angrep.*



*Gutelag anno 1975? Framme frå venstre: Helge Færø, Rolf Bjørge, Geir Hølleland, Rolf Holsen, Sture Hodneland og Jarle Ro. Bak frå venstre: Tormod Bjørsvik, Geir Arne Fossdal, Asle Møvik, Per Arne Dalland, Rune Hølleland, Ingvald Møvik og Kennard Gjelsvik.*

*Sniorlag 1976-77. Framme frå venstre: Leif Sæle, Oddvar Øvreås, Øystein Ånensen, Svein Nesbø og Vidar Kvalheim. Bak frå venstre: Åsmund Kleiven, Geir Hølleland, Einar Færø, Stein Veland, Jostein Gjelsvik og Hans Fammestad.*



# Osterfjorddagane

Dei første Osterfjorddagane vart skipa til 28.-29. juni 1980. Osterfjorddagane vart arrangerte i alt 14 gonger i åra 1980-94, kvart år med unnatak av 1990. Tilskipinga vart heile tida halden ved skulane og idrettsbana på Ostereidet ein laurdag og sundag i juni. I 1991 og 1992 vart aktivitetane om laurdagen haldne i Bjørsvik.

Eikanger IL stod for tilskipinga i heile perioden, men i 1991-93 var det i fellesskap med Ostereidet skulemusikk og Kløvheim skulekorps.

Eikanger idrettslag fekk i perioden 1980-94 nesten ein million kroner i inntekter frå tilskipingane. Pen-

gar som i hovudsak vart brukte til å byggja sekretariatet ved idrettsbana på Ostereidet, til to minibussar, snøskutarar, skiløype og ymse utstyr. Dette er synlege og konkrete resultat av den store dugnadsinnsatsen bygdefolk la ned for å skaffa inntekter til idrettslaget. Like sterkt i minnet hjå mange står inntrykka frå dei mange vellukka «dagane». Frå møte med internasjonale toppidrettsutøvarar, kjende og kjære artistar, og ikkje minst frå den hyggelege stemninga det oftast var på «dagane» der ein møtte kjentfolk og kunne ta seg tid til ein prat.



Over: Fallskjermhopping var innslag ved opninga av Osterfjorddagane i fleire år.

Til venstre: Gjermund Eggen var ein av mange norske langrennsstjerner som kom til Ostereidet under Osterfjorddagane. Her går han i mål i Osterfjordløpet med gularveteranen Arne Hamarsland like bak. Hamarsland var OL-deltakar på 1500m i Roma i 1960 og første nordmann under 3.40 på distansen med tida 3.39.8.



Styret for dei første Osterfjorddagane. Frå venstre: Øystein Midtgård, Asle Hindenes, Per Hølleland, Steinar Haukås, Arvid Løndal, Marta Nøttveit. I midten framme: Kari Eidsnes.

## Stemnekontor

Ei sakn ved bana på Ostereidet var eit tenleg stemnekontor, sekretariat som det ofte vert kalla, og klubbhus. Inntektene frå Osterfjorddagane sette idrettslaget i stand til å byggja stemnekontor.

Eit ekstraordinært årsmøte i laget, 29. april 1983, vedtok å byggja stemnekontor. Det vart gjort nødvendige avtalar med kommunen. Bygningen skulle

reisast som ei forlenging av den fløyen av ungdomsskulen som ligg opp mot idrettsbana.

Byggjenemnda arbeidde flittig og til Osterfjorddagane 18. juni 1983 stod råbygget klart. Det vart til stor hjelp både messehelga og ved tilskipingar på bana resten av sesongen. Men det skulle ta enno eit par år før bygget var ferdig innreidd.



# Eikangerløpet – 5000m på bana



Starten på Eikangerløpet i 2010.

Harald Nygård har vunne 13 av løpa som er arrangerte.



Kvart år sidan bana på Ostereidet vart teken i bruk i 1975 har stemnesesongen på bana vorte avslutta med eit 5000m løp. Frå 1979 har løpet vorte kalla Eikangerløpet.

På den 293,3 meter lange bana på Ostereidet må det springast 17 rundar pluss 13,9 meter for at løpet skal vera 5000m. Særleg når det er mange deltakarar vert det ei ekstra stor oppgåve for arrangørane å halda orden på at alle har sprunge rett tal rundar når dei går i mål. Som regel har det gått bra, men eit par gonger har løpet vorte forkorta eller forlenga for enkelte deltakarar.

Av dei 45 Eikangerløpa som har vore skipa til frå 1979 til 2024 har Harald Nygård vunne 13. Han vann første gong i 1989.

Arvid Hauge har delteke 44 gonger. Inge Nævdal 37 gonger. Elles har Sverre Solberg 32 og Bjørnar Eidsheim 31 startar, Gunnar Hauge 27 og Hele Færø 23. Av kvinnene har Bertine-Helene Færø flest med 13, og ho har vore raskaste kvinne ni gonger.

Flest startande var det i 1985 med 39, 35 menn og 4 kvinner. Færrest deltakarar var det i 2000 med åtte.

Halfdan-Emil Færø har løpsrekorden med 15.23,0 frå 2015. I dameklassen er det Karoline Holsen Kyte som har rekorden med 17.21,8 frå 2021.

# Opprusting – ny raudstubb



Sommaren 2018 vart det lagt ny raudstubb på bana. Dessverre viste deg seg at alt året etter byrja å veksa opp ugras som øydela dekket. Og ny dekkelegging måtte til.

I 1991 vart det gjennomført ei opprusting av bana på Ostereidet. Kommunen løyvde då også midlar til materialar til eit reiskapshus som vart reist på dugnad. Etter søknad frå idrettslaget vart det i 2018 gjennomført vedlikehald med ny raudstubb og nytt og betre lys på bana. Dessverre viste det seg at den nye raudstubben som vart lagt ut, nærast førte til atgroing av løpebana. Då det heller ikkje vart sprøytat for å få bukt med problemet, vart det nesten grasbane i løpebana. Kommunen fekk i 2022 lagt nytt topplag med grus. Men det viste seg straks at dette ikkje var raudstubb. Den nye grusen festa seg ikkje og gav dårlege forhold. Så kommunen måtte få på plass ny raudstubb som vart lagt ut i 2023. Den fungerer så langt fint, men bana treng i 2025 ytterlegare vedlikehald av sargar og kastringar.

Reiskapshuset brann ned i april 2006 etter at det vart påtent. Heldigvis dekte idrettslaget si forsikring brannen og laget fekk utbetalt forsikringssummen frå Gjensidige og bygde opp at bygningen på dug-

nad. Dessverre har steinkasting på taket opp mot barneskulen ført til ei rekkje lekasjar. Taket treng no snarast fornying.

Taket på reiskapshuset er ille medfare på grunn av steinkasting.



# Skeiseis nokre vintrar



Moro med  
skeiseis  
syntest Jahn  
Tommy  
Midgård og  
Ole Gunnar  
Hitland.

Nokre år tidleg på 1980-talet vart det lagt is på rundløpsbana. Sesongane vart som regel korte, men det var svært populært både for born, ungdom og vaksne

som likte å gå på skeiser. Det var ikkje kvar vinter at frostperiodane var lange nok til at det nytta å sprøyta bana. Og så vart det også slutt på tilgangen til vatn.



Øystein  
Midtgård.

Arvid  
Hauge.



# Banerekordar friidrett

## KVINNER, pr. 1.1.2025

|                                                                 |         |                                      |          |
|-----------------------------------------------------------------|---------|--------------------------------------|----------|
| 60m                                                             | 8,1     | Marit Hosøy, Eikanger IL             | 04 05 80 |
| 100m                                                            | 12,7    | Astrid Elvetun, Førde IL             | 08 07 79 |
|                                                                 | 12,7    | Björg Marifjæren, Førde IL           | 08 07 79 |
| 200m                                                            | 28,2    | Marit Hosøy, Eikanger IL             | 24 06 80 |
| 400m                                                            | 61,0    | Berit Mjanger, Eikanger IL           | 19 08 78 |
| 600m                                                            | 1.57,5  | Rita Nottveit, Elkanger IL           | 07 06 80 |
| 800m                                                            | 2.27,5  | Kjersti Kolbotn, Breim IL            | 06 08 75 |
| 1000m                                                           | 3.23,6  | Frøydis Mjelde, IL Fri               | 30 09 79 |
| 1500m                                                           | 6.20,0  | Randi Heggertveit, Eikanger IL       | 29 04 80 |
| 2000m                                                           | 8.16,8  | Sara-Rebekka Færø Linde, Eikanger IL | 22 09 95 |
| 3000m                                                           | 10.55,8 | Mona Kleppe, Eidsvåg IL              | 05 06 77 |
| 5000m                                                           | 17.21,8 | Karoline Holsen Kyte, Førde IL       | 26 09 21 |
| 60m hekk                                                        | 12,6    | Vivian Stusdal, Eikanger IL          | 25 09 79 |
| 80m hekk                                                        | 15,6    | Marit Hosøy, Eikanger IL             | 19 09 78 |
| 100m hekk                                                       | 19,2    | Marit Hosøy, Elkanger IL             | 25 09 79 |
| 200m hekk                                                       | 32,0    | Merete O. Taule, Radøy FIL           | 30 09 83 |
| Høgde                                                           | 1,53    | Unni Helmlø, Askøy Orienteringslag   | 14 08 76 |
| Lengde                                                          | 5,34    | Björg Marifjæren, Førde IL           | 08 07 79 |
| Tresteg                                                         | 9,86    | Sara-Rebekka Færø Linde, Eikanger IL | 18 06 96 |
| Kule                                                            | 11,05   | Greta Sårheim, Breim IL              | 05 08 79 |
| Diskos                                                          | 40,74   | Greta Sårheim, Breim IL              | 05 08 79 |
| Spyd                                                            | 36,98   | Greta Sårheim, Breim IL              | 06 08 75 |
| 1000m stafett                                                   | 2.27,8  | Førde Idrettlag                      | 08 07 79 |
| (Björg Marifjæren, Kristin Opseth, Lydia Nesje, Astrid Elvetun) |         |                                      |          |



Marit Hosøy har banerekordar på 60m og i hekkeløp.

Her er ho fotografert på eit stemne på Byrkjelo i Breim.

# Banerekordar friidrett

## MENN, pr. 1.1.2025

|                                                              |         |                                    |          |
|--------------------------------------------------------------|---------|------------------------------------|----------|
| 60m                                                          | 7,1     | Cato Lyngøy, Eikanger IL           | 24 04 79 |
| 100m                                                         | 11,1    | Hermann Døskeland, Eikanger IL     | 20 08 77 |
| 200m                                                         | 23,4    | Hermann Døskeland, Eikanger IL     | 29 08 77 |
| 400m                                                         | 53,4    | Narve Nordanger, Eikanger IL       | 26 08 78 |
| 600m                                                         | 1.28,4  | Narve Nordanger, Eikanger IL       | 22 04 79 |
| 800m                                                         | 1.58,1  | Jarle Spurkeland, AKS 77           | 08 07 79 |
| 1000m                                                        | 2.36,9  | Jarle Spurkeland, AKS 77           | 18 08 78 |
| 1500m                                                        | 4.07,3  | Geir Ivarsflaten, IL Fri           | 21 08 77 |
| 2000m                                                        | 5.53,8  | Arvid Hauge, Eikanger IL           | 27 04 84 |
| 3000m                                                        | 8.36,0  | Bjarne Huseklepp, Breim IL         | 05 08 78 |
| 5000m                                                        | 15.23,0 | Halfdan-Emil Færø, IL Varegg       | 27 09 15 |
| 10000m                                                       | 31.29,8 | Gunnar Hauge, Eikanger IL          | 05 06 77 |
| 110m hekk                                                    | 15,8    | Terje Totland, Eikanger IL         | 29 08 76 |
| 200m hekk                                                    | 27,8    | Terje Totland, Eikanger IL         | 05 10 75 |
| Høgde                                                        | 2,20    | Terje Totland, Eikanger IL         | 16 08 78 |
| Stav                                                         | 3,05    | Øystein Ånensen, Eikanger IL       | 11 07 80 |
| Lengde                                                       | 6,70    | Christian Dreyer-Skre, IL Vestvind | 07 05 78 |
| Tresteg                                                      | 14,83   | Leif Veland, Eikanger IL           | 20 08 77 |
| Kule                                                         | 14,42   | Stanley Hauge, Eikanger IL         | 18 08 79 |
| Diskos                                                       | 43,32   | Aage Indrebø, Breim IL             | 05 08 78 |
| Sleggja                                                      | 63,78   | Steffen Nerdal, BFG Fana IL        | 09 10 05 |
| Spyd                                                         | 50,98   | Jostein Årdal, Breim IL            | 05 08 78 |
| Spyd ny type                                                 | 51,20   | Håkon Fyllingsnes, Eikanger IL     | 08 09 89 |
| 1000m stafett                                                | 2.04,8  | Eikanger Idrettslag                | 06 07 79 |
| (Cato Lyngøy, Leif Veland, Terje Austrheim, Narve Nordanger) |         |                                    |          |

Terje Totland svingar seg over 2,20 og set banerekord 16. august 1978.



Terje Totland prøvde seg på 2,23 og ny norsk rekord 16. august 1978, men det vart hårfint riv..

Tre banerkordhaldarar samla under sprintoppvarminga. Hermann Døskeland (t.v.) har rekordane på 100m og 200m, Cato Lyngøy (midten) har rekorden på 60m og i stafett, Leif Veland (t.h.) har rekord i tresteg og i stafett.



# Fotball – «adelskalender» senior

Oversikt over alle som har spelt kampar for Eikanger IL sitt seniorlag i fotball i åra 1976-2007. Frå 1976 og inntil kunstgrasbana vart opna i 2001, vart heimekampane til laget spelte på grusbana.

Statistikken er utarbeidd av Bjørn Dyrkolbotn som ved nitid arbeid har gjennomgått alle sesongane på nytt og oppdatert dei for manglar og feil.

## Oversikt over tal spelte kampar for senior A-lag 1976-2007.

|    |                     |     |
|----|---------------------|-----|
| 1  | Bjørn Dyrkolbotn    | 300 |
| 2  | Per Arne Dalland    | 212 |
| 3  | Leif Sæle           | 211 |
| 4  | Åsmund Kleiven      | 189 |
| 5  | Sveinung Bjørsvik   | 187 |
| 5  | Kjartan Hodneland   | 187 |
| 7  | Atle Nottveit       | 184 |
| 8  | Sture Hodneland     | 180 |
| 9  | Øyvind Furnes       | 167 |
| 10 | Tor Ove Fosse       | 153 |
| 11 | Frode Dalland       | 151 |
| 12 | Rune Guldbrandsøy   | 143 |
| 13 | Pål Toft            | 141 |
| 13 | Geir Hølleland      | 141 |
| 15 | Kristian Kvammen    | 136 |
| 16 | Oddvar Øvreaas      | 122 |
| 17 | Kjell Øyvind Nævdal | 121 |
| 18 | Ronny Guldbrandsøy  | 119 |
| 19 | Erlend Mjanger      | 114 |
| 20 | Øystein Ånensen     | 112 |
| 21 | Terje Hølleland     | 110 |
| 22 | Rune Hølleland      | 109 |
| 23 | Stein Dalland       | 107 |
| 23 | Einar Færø          | 107 |



Bjørn Dyrkolbotn med ballen på kunstgrasbana som han la ned eit stort arbeid for å få bygd.

|    |                       |     |    |                     |    |
|----|-----------------------|-----|----|---------------------|----|
| 25 | Ståle Sætre           | 103 | 28 | Toft Richard        | 90 |
| 26 | Jan Helge Bertheussen | 96  | 29 | Bjørn Eide          | 89 |
| 27 | Håvard Dyrkolbotn     | 94  | 30 | Stall Stian         | 88 |
|    |                       |     | 31 | Roger Mostrau       | 87 |
|    |                       |     | 32 | Harald Martinusen   | 84 |
|    |                       |     | 33 | Ørjan Ånensen       | 83 |
|    |                       |     | 34 | Egil Øvretveit      | 82 |
|    |                       |     | 35 | Thomas Namdal       | 74 |
|    |                       |     | 36 | Henning Gjelsvik    | 73 |
|    |                       |     | 37 | Bernt Eide          | 69 |
|    |                       |     | 38 | Daniel Toft         | 68 |
|    |                       |     | 39 | Ingvald Møvik       | 67 |
|    |                       |     | 40 | Christoffer Knutsen | 66 |
|    |                       |     | 41 | Tore Titland        | 65 |
|    |                       |     | 42 | Ørjan Andvik        | 64 |
|    |                       |     | 43 | Jostein Gjelsvik    | 62 |
|    |                       |     | 44 | Reimund Borsholm    | 61 |
|    |                       |     | 44 | Geir Østerbø        | 61 |
|    |                       |     | 44 | Tommy Guldbrandsøy  | 61 |

Kjartan Hodneland i duell på midtbana. Han står med i alt 187 kampar.



|     |                      |    |     |                   |   |     |                      |   |
|-----|----------------------|----|-----|-------------------|---|-----|----------------------|---|
| 47  | Bjørn I Rusten       | 60 | 107 | Helge Skauge      | 9 | 136 | Jan Tommy Midtgård   | 4 |
| 48  | Øyvind Namdal        | 56 | 107 | Kåre J Stusdal    | 9 | 136 | Finn Øvstegård       | 4 |
| 49  | Brattvold Øystein    | 55 | 107 | Tverberg Stian    | 9 | 143 | Asle J Andås         | 3 |
| 50  | Geir O Ånensen       | 51 | 107 | Ove Westervik     | 9 | 143 | Frank Dyrkolbotn     | 3 |
| 51  | Hans Fammestad       | 47 | 113 | Odin Dyrkolbotn   | 8 | 143 | Oddvar Eidsheim      | 3 |
| 52  | Truls Fossdal        | 45 | 113 | Håkon Fagna       | 8 | 143 | Johannes Eknes       | 3 |
| 52  | Vidar Kvalheim       | 45 | 113 | Bård Hodeland     | 8 | 143 | Kjetil Hosøy         | 3 |
| 52  | Jarle Ro             | 45 | 113 | Jan Henrik Skauge | 8 | 143 | Sondre Myhr          | 3 |
| 55  | Joar Haukaas         | 44 | 117 | Vidar Haugland    | 7 | 143 | Arild Olsen          | 3 |
| 56  | Knut Larsen          | 41 | 117 | Per Hølleland     | 7 | 143 | Karl J Romarheim     | 3 |
| 57  | Hosøy Ruben          | 40 | 117 | Dag Øyvind Lygre  | 7 | 143 | Nils Inge Romarheim  | 3 |
| 58  | Thomas Urhaug        | 39 | 117 | Alexander Overå   | 7 | 143 | Einar Stusdal        | 3 |
| 59  | Stian Hauge          | 37 | 117 | Erik Strandenes   | 7 | 153 | Øyvind Benjaminsen   | 2 |
| 59  | Håkon Hølleland      | 37 | 117 | Svein Urhaug      | 7 | 153 | Rolf Bjørge          | 2 |
| 61  | Kjetil Nepstad       | 36 | 117 | Nils Rune Vassdal | 7 | 153 | Stig Haukås          | 2 |
| 62  | Inge Kvammen         | 35 | 124 | Gjermund Mjanger  | 6 | 153 | Steffen Kolaas       | 2 |
| 62  | Mathias Møvik        | 35 | 124 | Brynjar Nordanger | 6 | 153 | Erlend Krossøy       | 2 |
| 64  | Bjørn Jespersen      | 34 | 124 | Fritz Smørdal     | 6 | 153 | Roger Pedersen       | 2 |
| 65  | Frode Hølleland      | 33 | 127 | Tormod Bjørsvik   | 5 | 159 | Terje Totland        | 2 |
| 65  | Ingvard Kvalheim     | 33 | 127 | Jonny Eidsheim    | 5 | 153 | Bjarte Romarheim     | 2 |
| 65  | Truls Urhaug         | 33 | 127 | Anders Eidsnes    | 5 | 161 | Ruben Almaas         | 1 |
| 68  | Daniel Hatland       | 32 | 127 | Ståle Hauge       | 5 | 161 | Ørjan Eide           | 1 |
| 69  | Jon Åge Eide Totland | 32 | 127 | Jarle Hosøy       | 5 | 161 | Atle Gjeldsvik       | 1 |
| 70  | Svein Rusten         | 31 | 127 | Tore Moldekleiv   | 5 | 161 | Leif Larsen          | 1 |
| 70  | Roy Are Mørk         | 31 | 127 | Roger Myhr        | 5 | 161 | Jostein Rød          | 1 |
| 72  | Alexander Hindenes   | 30 | 127 | Steinar Hauge     | 5 | 161 | Jon A Strandenes     | 1 |
| 73  | Stein Veland         | 29 | 127 | Bernt O Storsæter | 5 | 161 | Øyvind Ulveseth      | 1 |
| 74  | Tore Guldbrandsøy    | 27 | 136 | Inge Hope         | 4 | 161 | Henrik Vikøren       | 1 |
| 75  | Geir Fyllingsnes     | 26 | 136 | Kjartan Dyrstad   | 4 | 161 | Rolf Henning Ånensen | 1 |
| 75  | Edvin Ro             | 26 | 136 | Kjetil Hodnekvam  | 4 | 161 | Kåre Nævdal          | 1 |
| 77  | Øystein Agdal        | 23 | 136 | Stanley Hølleland | 4 | 161 | Amund Gjelsvik       | 1 |
| 78  | Harald Helgesen      | 22 |     |                   |   |     |                      |   |
| 78  | Ørjan Langhelle      | 22 |     |                   |   |     |                      |   |
| 78  | Andre Eidsnes        | 22 |     |                   |   |     |                      |   |
| 81  | Robert Andvik        | 21 |     |                   |   |     |                      |   |
| 81  | Halvorsen Jan        | 21 |     |                   |   |     |                      |   |
| 81  | Ernst Tvedt          | 21 |     |                   |   |     |                      |   |
| 84  | Alf Fjelstad         | 20 |     |                   |   |     |                      |   |
| 84  | Sigve Hindenes       | 20 |     |                   |   |     |                      |   |
| 84  | Svein Kleiveland     | 20 |     |                   |   |     |                      |   |
